

Striden om helgennamna – eit blad av norsk almanakkhistorie

Kristoffer Kruken

When Norway got its own almanac after the dissolution of the Danish-Norwegian union (1814), the list of saints' days was kept intact. After a few years it aroused harsh criticism for being a worthless Catholic relict, and it was thought that the saints ought to be replaced by outstanding people in Norwegian secular history. The editors applied several times for such a change, but the copyright holder (the University of Oslo) refused. Yet the editors could alter the saints' list internally, and notably in 1843 many dates got a new name based on medieval Norwegian sources. The debate intensified towards the end of the 19th century. In 1892, the issue was brought forth in the Norwegian Parliament (Stortinget), and after lengthy proceedings the list was formally abolished in 1910, and from 1912 on replaced by secular persons and events. The new list varies considerably from year to year and gives overall a rather desultory impression.

1 Innleiing

I almanakken frå unionstida med Danmark bar kvar dato eit helgennamn. Dette var ein allmenneuropeisk tradisjon med røter i antikken. Datoen stod for helgenens dødsdag og vart oftast markert med ei minnestund på grava. Den eldste kjende feiringa er knytt til den vidgjetne biskop Polykarp i Smyrna. Han leid martyrdøden ca. år 156 og har minnedag 26.1. Mange av dei antikke figurane skriv seg elles frå forfølginga under keisar Diokletian (ca. 300–305), m.a. Agnes, Barbara og Georg. Seinare fekk listene ny tilvekst etter kvart som kristendommen breidde seg nordover i

Europa, og den dansk-norske almanakken har mange innslag frå både fransk, tysk, irsk-engelsk og skandinavisk misjons- og martyrsoge.

Omframnt helgenskaren hadde medlemmer av kongehuset fast plass i almanakken. Dei stod som regel på fødselsdagen og var ofte òg med etter sin død. Almanakken for 1814 har 17 kongelege, mellom dei Fredrik V 31.3. og Kristian V 15.4. Når ein kongeleg kom inn, måtte helgenen ut (Kristian V fortrengde Olympias), men begge måtte vike når datoen var ein søndag eller annan helgedag. Rangen var altså at helg trumfa kongeleg, og kongeleg trumfa helgen. Ved rangkollisjon vart det kongelege namnet stundom ført opp til høgre for datospalta, men det var like fullt underordna helgedagen. Med visse justeringar vart dette systemet ført vidare i den norske almanakken etter 1814.

Universitetet i København hadde einerett på almanakkutgjeving i begge rika. Da Noreg fekk eige universitet (1811), vart eineretten for Noreg overført til Universitetet i Christiania ved kgl. brev av 10.4.1812 og kgl. resolusjon av 7.12.1814. Privilegiet vart stadfesta med følgjande ordlyd i universitetslova (fundasen) av 28.7.1824, § 6: «Universitetet skal ... være ene berettiget at udgive samt lade trykke og forhandle Almanakker og Calendere til Brug her i Riget.» Paragrafen stod uendra gjennom seinare revisjonar av lova. Det akademiske kollegium¹ forvalta retten og utnemnde redaktør til det praktiske arbeidet.

I overgangsåra frå dansk-norsk til norsk almanakk var det ingen diskusjon om helgennamna. Dei vart berre stillteiane tekne med og vart ståande heilt fram til 1911. Generelle oversyn gjev inntrykk av at tilfanget stort sett låg fast i denne perioden (m.a. Alver 1981: 35), og at korkje Universitetet, redaksjonen, styresmaktene eller samfunnet elles brydde seg særleg om saka før kollegiet i 1910 vedtok at namna skulle ut.

Primærkjeldene viser noko anna. Det var både markante utskiftingar av namn og ein omfattande diskusjon i mange fora frå dagspresse til stortingssal. I denne artikkelen skal eg følgje begge desse linene og i grove trekk presentere og diskutere namn, aktørar, argument og politisk-administrativ prosedyre.

1 Kollegiet var øvste styringsorganet på Universitetet og svarar til universitetsstyret i dag.

Almanakkane er dels lesne på Nasjonalbibliotekets nettbibliotek (<https://www.nb.no/search>) (uheil serie),² dels i original på Riksarkivet (full serie). Almanakken har både ei Kristiania- og ei Trondheims-utgåve, med kvar sine astronomiske utrekningar. Nettbiblioteket har stundom digitalisert begge, stundom berre den eine, men namna er heilt like, så spørsmålet om utgåve har ikkje noko å seie her.

Når fleire kjelder refererer same saka i Stortinget, viser eg berre til *Stortingstidende* (St.tid.) så framt alt av relevans er omtala der.

Namneformene vekslar ein del frå år til år, m.a. med og utan latinsk *-us* (*Julianus* og *Julian* ofl.), nokre namn er sporadisk forvanska (*Perpetus* for *Perpetua* ofl.), forkortingane er ustøe, og ei rekkje mindre avvik må ganske enkelt vera setjefeil (*Seraphin* for *Seraphia* ofl.). Dei kongelege blir utskilde grafisk på ulike måtar: antikva, halvfeit antikva eller schwabacher i fraktur-tekst, halvfeit antikva i antikva-tekst, og (frå 1870-åra) versalar for konge og dronning. Også viktige merkedagar har stundom særskild markering, mest i form av schwabacher i fraktur-tekst. Slike ting går eg ikkje nærare inn på.

2 Perioden 1814–61 (almanakkane 1815–62)

Vanskar med samferdsel og boktransport gjorde at det for året 1814 vart trykt ein almanakk for Noreg i Christiania, initiert av prins Kristian Fredrik og redigert av Benoni Aubert ved Noregs geografiske oppmåling. Almanakken vart produsert i 1813 og står heilt ut i den dansk-norske tradisjonen. Først med utgåva for 1815 får vi ein sjølvstendig norsk almanakk. Redaktør var matematikaren og astronomen professor Christopher Hansteen (1784–1873). Han stod for alle utgåvene frå 1815 til 1862.

Almanakken for 1815 vart redigert etter unionsbrotet, men før unionen med Sverige kom i stand (14.8.1814). Alle danske kongelege er borte. Dei fleste vart erstatta med ein tradisjonell helgen, m.a. den nemnde Olympias for Kristian V 15.4. og Sabina for Fredrik V 31.3. Ingen svenske har kome inn. Dei atterreiste helgenane fekk varig plass, med unntak av eit par som rauk ut ved reforma i 1843 (nedanfor).

I 1816 er det nye kongehuset med, såleis kong Carl Johan 26.1., dronning Eugenie Bernhardine 8.11. (frå 1841: Desirée) og kronprins Oscar

2 I nettbiblioteket står almanakkane under tidsskrift, ikkje under bøker.

4.7. (seinare kong Oscar I). Utlendingar kjem til ved inngifte, m.a. Louise av Nederland, gift med kong Karl XV i 1850 og med i almanakken frå 1852. Ved sin død fell dei kongelege no oftast ut. Kong Oscar I døydde 8.7.1859 og er med siste gongen i 1860 (vanleg redaksjonelt etterslep). På denne måten får lista over kongelege både tilvekst og avgang år om anna.

I 1816-almanakken sette Hansteen elles inn nokre norske merkedagar, m.a. «Kjeld Sviebyg» 8.7. og «Marit Vasouse» 20.7. Året etter tok han med mange fleire, m.a. «Bryckismisse» 11.1., «Colbiørn med Laxen» 8.6. og «Vergismisse» 29.8. Alle står i vêrspalta. Utval og skrivemåte viser at kjelda er kapittelet om primstaven i Hammer (1773: 252–263). Merkedagane stod med visse endringar fram til 1828 (figur 1), men blir så borte, og på 1830-talet har lista igjen berre sitt gamle inventar.

Juli eller Drømensaaned				har 31 Dage 1828.			
Dage.	Naamen	End.	Veirliet.	Dage.	Naamen	End.	Veirliet.
1	Thobald	3 148.	☉ Jordfierns.	17	I Alexius	3 54E.	☉ Fremdeles maadelig
2	D MarieVesog.	4 7	☉ Tyft.	18	I Arnolf	4 38	
3	I Cornhus	4 59	☉ 6 42 Form.	19	I Justa	5 23	
4	I Oscar	5 48					
5	I Alshelm	6 37					
Jesus lærer af Elidet. Luc. 5.				Jesus bespiser 4000 Mand. Marc. 8.			
6	E 53.e. Trefold.	7 26 E.	☉ 10E.	20	E 73.e. Trefold.	6 10E.	☉ 4 44 Form.
7	M Willibald	8 15	☉ 10E.	21	M Cornus	7 1	☉ 10 36 E.
8	I Kjeld	9 3	☉ 10E.	22	I MarieVesog.	7 56	☉ 10 36 E.
9	D Coltrata	9 52	☉ 10E.	23	D Apollinaris	8 51	☉ 10 36 E.
10	I KnudKenge	10 41	☉ 10E.	24	I Christine	9 55	☉ 10 36 E.
11	I Jesva	11 29	☉ 10E.	25	I Jacob	10 55	☉ 10 36 E.
12	I Elias	0 15E.	☉ 10E.	26	I Anna	11 57	☉ 10 36 E.
Pharisæernes Retferdighed. Matth. 5.				De falske Profeter. Matth. 7.			
13	E 63.e. Trefold.	1 1E.	☉ 10E.	27	E 83.e. Trefold.	1 1E.	☉ 10E.
14	M Bonaventura	1 45	☉ 10E.	28	M Aurelius	0 56	☉ 10E.
15	I Hroth. Deling	2 27	☉ 10E.	29	I Ius	1 53	☉ 10E.
16	D Ensaune	3 11	☉ 10E.	30	D Ius	2 47	☉ 10E.
Solens Dga. Nedg. Solens Dga. Nedg.				Solens Dga. Nedg. Solens Dga. Nedg.			
Dage. I. M.	I. M.	Dage. I. M.	I. M.	Dage. I. M.	I. M.	Dage. I. M.	I. M.
1	2 43	9 17	9 8	17	3 5	8 54	8 21
2	2 44	9 16	9 4	18	3 9	8 50	8 25
3	2 45	9 15	9 1	19	3 13	8 46	8 29
4	2 46	9 14	8 57	20	3 17	8 42	8 31

Figur 1: Almanakken for juli 1828. Offisielle helgennamn i hovudspalta, norske merkedagsnamn til høgre under «Veirliet».

Den første kritikken mot helgennamna som eg har funne, er eit anonymt innlegg, utan overskrift, i *Det Norske Nationalblad* nr. 55–58, 6.10.1818:

232–238. Forfattern er truleg Jonas Anton Hielm (1782–1848).³ Skribenten meiner det er på høg tid å fjerne denne ulutherske arven og i staden setje inn menn som verkeleg har gagna folk og fedreland:

Den vemmelige Liste paa mistænkelige Helgene, vil man finde fornuftig ombyttet med en smagfuld Fortegnelse paa Mænd, der gjorde sig fortjent til almindelig Erindring. Der vilde man i Fremtiden finde saavel Danske som Norske, saavel Nationaliserede som Hiemfødnin-ger, hvilke med Ædel Gavnelyst ærligen har virket til Norges Hæder og Held ... [Og det] maa end ikke udelukkes saadanne Udlændinge, hvis ualmindelige Videnskaber og Kraftyttringer har havt en særdeles velgiørende Indflydelse paa Nationens Karacteer og Velstand. (s.st. s. 238)

Uviljen mot dei gamle katolske namna og ønsket om å fylle plassen med fortente menn frå vår eiga historie går stadig att i diskusjonen framover 1800-talet og inn på 1900-talet. Forfattern understrekar at rett nok har Ove Malling (1777) levert eit arbeid i god nasjonal ånd, men slike bøker kan aldri nå allmugen på same måten som almanakken gjer – den er «i enhver Mands Hænder en uundværlig Bog» (s.st. s. 238). Han seier ikkje noko om dei kongelege, og det gjer heller ingen andre seinare. Det viser at kongefamilien vart rekna for ein grunnstokk i det historiske galleri uavhengig av deira personlege fortenerer.

Hansteen arbeidde naturleg nok mest med dei astronomiske og kalendariske opplysningane i almanakken. Eit særskilt problem var vêrspådommane, som hang med frå tidlegare almanakkar. Hansteen var nøktern og endra dei frå spådom til historisk notis, dvs. at dei viste korleis vêret hadde vore i Christiania 19 år før.⁴ Men folk las dei som truverdige varsel like vel. Difor søkte Hansteen fleire gonger (sist 17.1.1834) om å få ta vêrbolken vekk. Kollegiet avslo (24.1.1834), men gjekk med på at han «i

3 Bladet vart utgjeve av broren Hans Abel Hielm (1792–1869), men Jonas Anton Hielm var de facto redaktør og hovudskribent. Han skreiv dels under namn, dels anonymt, og innlegget høver både med hans glødande nasjonale interesser og hans skarpe form. I ånd og tone er det heller ulikt Nicolai Wergeland, men han skreiv lite eller inkje i dette bladet og er difor mindre sannsynleg.

4 Tidsspennet byggjer på teorien om at vêret gjekk i ein syklus på 19 år under påverknad frå månen.

Udtrykke, som Professoren finder passende», kunne seie kva utsagna bygde på, og i 1839 vart overskrifta på januar endra frå «Sandsynl[igt] Veir» til «Veirliget 1820 i Christiania». Seinare blir det formulert som «Veirliget. Antegnet ...» eller «Veirliget. Anmærket ... i Christiania» 19 år før.

Hansteen seier lite offentleg om helgennamna, men ei komitéinnstilling frå 1.5.1862 (pkt. 3) viser at kollegiet jamt hadde hatt saka oppe saman med vêrspørsmålet og kvar gong hadde nekta redaktøren å fjerne namna. Kollegieprotokollen stadfester dette, men seier ikkje noko om nokon søknad frå Hansteen. Sjølv fortel han mange år seinare at han berre hadde «yttret et Ønske» som fall fordi «Landalmuen vil ikke dermed være tilfreds, da den ved disse [Helgennavne] forbinder visse Mærkedage» (*Christiania-Posten* 4.4.1862). Som eg forstår dette, kan ønsket godt vera framsett skriftleg, altså de facto ein søknad.

I eit innlegg i *Morgenbladet* 27.12.1833 uttalar Hansteen seg i same leia. Ein innsendar hadde klaga på at almanakken var for dyr. Hansteen svara at om prisen skulle ned, måtte noko av innhaldet bort. I så fall kunne ein kanskje utelate helgennamna, «skjønt ogsaa disse kunne have sin Nytte ved Læsningen af gamle Documenter, som efter dem ere daterede». Dette var eit praktisk-historisk argument som skribenten i *Nasjonalbladet* (1818) hadde ignorert, men som elles vart eit kjernepunkt for dei som forsvarte helgendagane (pkt. 4). Samtidig er den prosessuelle koplinga mellom vêr og namn i seg sjølv eit signal om at helgennamna tidt vart haldne for like antikverte som dei grunnlause vêrvarsla.

Eit spesielt punkt ved dagnamna var at kollegiet, med grunnlag i ei liste frå Det juridiske fakultet, i skriv 11.10.1839 påla Hansteen å ta med dei dagane som det måtte «ansees af Vigtighed for det borgerlige Samliv at erholde betegnede i Almanaken med deres legale Navne» (Fortegnelse 1884: 2). Denne lista har eg ikkje funne, men formuleringa tyder på at det gjeld ganske få, lovregulerte datoar og ikkje helgenrekka per se. Det kom heller ingen merkbare endringar i almanakken dei første åra etterpå. Påleggget vart teke opp att 26.3.1840.

Men etter ein femtenårig stillstand (frå 1828) vart almanakken brått kraftig revidert i 1843 (figur 2). Redaktøren opplyser at «[i] denne Almanak ere flere Helgennavne bleven ombyttede med andre, som af de ældste og bedste norske Calendarier og af Kirkeretten sees at have været mere brugelige i Norge» (*Almanak for Aaret ... 1843*, siste sida [32]). Det ligg

nok ein påskuv i skriva frå 1839 og 1840, men endringane peiker samtidig langt vidare både i omfang og karakter. I røynda fekk over 90 datoar eit eller to nye namn, og tilsvarande mange gjekk ut. Dei nye namna bygde delvis på utrykte kjelder, men P.A. Munch og Rudolf Keyser hadde teke avskrifter (i København) for det planlagde verket *Norges gamle Love* (I–III, 1846–49), og ut frå Munchs egne arbeid seinare (1848 og 1859) kan ein gisse på at han både var inspirator og medhjelpar i denne revisjonen. Hansteen gjekk neppe til originalkjeldene sjølv.

[illegible]

Figur 2: Almanakken for juli 1843, etter Hansteens revisjon. Ti dager har fått nytt navn (jf. figur 1), og *Oluf* er endra til *Olaf*.

Som eit supplement til *Diplomatarium Norvegicum* (I, 1847–49) laga riksarkivar Christian Lange eit oversyn over «Hjelpemidler til Beregningen af de i norske Oldbreve forekommende Tidsbestemmelser». Siste delen er ei alfabetisk liste over helgendagar, festdagar og andre merkedagar i norske mellomalderkjelder (Lange 1849). Endringane i 1843-almanakken svarar nesten på ein prikk til det seinare inventaret hjå Lange,

og det understrekar enda tydelegare den historisk-nasjonale gehalten i den nye namnerekkje.⁵

Dette heimlege perspektivet overstyrer alt anna. Germanske helgenar må vike for klassiske (Herman > Tiburtius 11.8.) og omvendt (Faustinus > Sigfrid 15.2.), bibelske må vike for helgen (Daniel > Alphegus 19.4.), det allmenne må vike for det lokale (Mariæ Besøgelse > Svithunus 2.7.), festgrad (liturgisk nivå) og kjønn er irrelevant, og sist, men ikkje minst: Dei norske helgenane Hallvard og Sunniva kjem inn i staden for den romerske Sofie 15.5. og den danske Kjeld 8.7., og andre blir flytta frå dansk til norsk dato, m.a. Margareta frå 13.7. til 20.7. og 7 Sovere frå 27.6. til 27.7. P.A. Munch (1848: 27) legg særleg vekt på dette aspektet ved reforma og viser dermed at omskiftet ikkje berre var ei heimleg historisering, men òg eit medvite brot med dansk tradisjon. Olaf og Sunniva og nokre andre, m.a. den engelske Cuthbert, blir òg oppførte på translasjonsdagen med grunnlag i norske kjelder. Språkleg sett har lista framleis eit klårt latinsk preg, med endinga *-us* også i mange germanske namn (*Vilfridus* ofl.). Eit nasjonalt trekk er forma *Olaf* 29.7., som no permanent avløyser dansk *Oluf*.

Seinare dukkar nokre av dei gamle namna opp att, stundom berre sporadisk, m.a. Enok for Genevieva 3.1., andre gonger meir varig, m.a. Ulrik for Translatio Martini 4.7., men i det store og heile vart Hansteens reform ståande og utgjorde dermed grunnlaget for heile ordskiftet som bygde seg opp dei neste 50–60 åra. Reforma vart lite omtala offentleg, og det verkar som dei fleste kritikarane ikkje ensa noko større på det historisk-nasjonale perspektivet Hansteen hadde valt.

I almanakken for 1843 og deretter i 1861 og 1862 tok Hansteen òg med mange av helgenane på søndag eller annan helgedag. I tillegg sette han stundom helgen og kongeleg saman på kvardag, t.d. kronprins Oscar Fredrik (seinare kong Oscar II) og Agnes på måndag 21.1.1861. Det gjorde paradoksalt nok helgenane enda meir synlege enn før.

Hausten 1851 starta presten og filantropen Honoratus Halling ein artikkelserie i *For Fattig og Riig* om helgenane i almanakken, fordi dei var

5 Merk at Langes arbeid kom så seint at det ikkje kan vera eit direkte grunnlag for 1843-reforma – eg bruker det her berre som dokumentasjon på stoffet. Kronologien støttar tanken om at det var Munch og ikkje Lange som var den fremste hjelparen åt Hansteen.

personar «der i fordums Dage vare Lys i den christne Menighed» (nr. 35 [9.11.]1851) og difor verde å minnast. Artiklane supplerte Hansteens historiske argument med eit religiøst utsyn som i sine røter femnde alle konfesjonar. Denne kyrkjelege opplysningslina, som høgvørde dei gamle, «før-katolske» martyrane, hadde viktige talsmenn både i Noreg og Danmark.

Almanakkprivilegiet vart prøvd for retten i 1859–60. Da W.C. Fabritius tok over som forleggjar etter P.T. Malling i 1859, laga Malling sin eigen kalender, redigert av universitetsstipendiat i rettsvitenskap Fredrik Brandt (1859), med primstav, merkedagar og historiske opplysningar etter ei utgreiing av P.A. Munch i *Norsk Folke-Kalender* same året. Kollegiet og Fabritius reiste sak og vann fram ved endeleg dom i Høgsterett 11.12.1860 (*Norsk Retstidende* nr. 8, 27.2.1861: 121–126). Ankepunktet var at den kalendariske delen låg for tett opp til den offisielle almanakken. Hansteen var ikkje innblanda på noka side. Avisene skreiv mykje om saka. Det viser enda ein gong at almanakken var ei folkebok som mange hadde meiningar om. Avviket i så måte er at endringane i 1843 ikkje fengde meir enn dei gjorde.

Bortsett frå rettssaka i 1859–60 og ei mindre sak mot Andvords kontorkalender i 1880, ser det ut til at eineretten vart handheva liberalt. Så framt andre kalendrar og almanakkar ikkje krenkte den spesifikke tids- og kalenderdelen med astronomiske utrekningar, kunne dei stelle seg nokså fritt, m.a. med å ta inn sekulære personlister i staden for helgenamna. Kollegiet klaga da heller ikkje på noko av det personalhistoriske stoffet i Mallings og Brandts utgåve. Samtidig viser reforma i 1843 og andre endringar at kollegiet òg såg romsleg på utvalet av namn i den offisielle almanakken så lenge kravet om ei full helgenliste vart respektert.

3 Perioden 1862–90 (almanakkane 1863–91)

Hansteen gjekk av som professor i 1861 og slutta samtidig som redaktør i almanakken. Utgåva for 1862 var da ferdig. Ny redaktør vart astronomen lektor (frå 1865 professor) Carl Fearnley (1818–90). Han stod for alle utgåvene til og med 1891.

Fearnley søkte alt 29.3.1862 om å få ta ut vêrspådommane og setje inn meir allmenntytig stoff i staden (Univ.Sk.A. 1864: 197–198). (Kollegieprotokollen seier han òg søkte om å få ta ut helgennamna, men det står

ikkje i Univ.Sk.). Kollegiet oppnemnde 1.4.1862 ein komité med generalmajor Theodor Broch, kaptein Christian Grønn og Fearnley sjølv til å vurdere «hvilke tidsmæssige Forandringer i Almanakkens Indhold, der maatte ansees ønskelige», m.a. «Udeladelse af Veirprophetierne og Helgendagene ... for derved at vinde Plads til nyttigere, især for Søemanden vigtige Meddelelser» (*Christiania-Posten* 2.4.1862).

Komiteen foreslo visse endringar (1.5.1862), men erklærte samstemmig at endringane «ikke burde gaae saavidt, at der kunde reises mindste Tvivl om deres Lovmæssighed, [og] at man derfor maatte beholde Dagenes Helgennavne, der have en vis Betydning, ikke blot i Folkets Sædvaner og Forestillinger, men ogsaa i Lovgivningen» (Univ.Sk.A. 1864: 198–199). Komiteen viser til at dette var innskjerpa fleire gonger før (1834, 1839 og 1840), og pålegget stod framleis ved makt. Kollegiet slutta seg til. Vêrbolken hadde kollegiet alt vedteke å fjerne, og frå 1864 er desse notisane borte.

Uavhengig av diskusjonen om vêr og namn følgde Fearnley opp Hansteens siste endring og sette helgennamna inn i høgre spalta på alle søndagar og mange andre helgedagar så sant ingen kongeleg kom i vegen; i så fall fekk den kongelege plassen. I 1870-åra tok han dette gradvis bort att med unntak av helgen og kongeleg saman på kvardag, t.d. Agnes Oscar 21.1. i 1880-åra. Sjølv helgenrekkja endra Fearnley lite på. Eit par døme er at Rufus kom inn i staden for Gynther 28.11. i 1863 og Ida i staden for Translatio Cuthberti 4.9. i 1874, begge med varig plass.

I almanakken for 1870 tok Fearnley elles opp tråden frå Brandt (1859) og Munch (1859) og sette inn over førti folkelege merkedagar attåt dei offisielle namna, t.d. «Knud (Affaredag)» 7.1. og «Matthias (Laupaars-messa)» 24.2. Seinare kneip han inn på dette også, og i 1877–78 er alle borte. Fearnley foreslo 17.2.1870 å ta vekk helgennamna, men framlegget vart avvist. Det var visstnok siste gongen han reiste saka formelt.

Frå 1880 til 1887 har almanakken ein bolk med «Gamle Mærkedage og andre kalendariske Notitser» nedst på sida. Bolken var laga med bidrag frå historikaren Ludvig Daae, som nyss hadde gjeve ut boka *Norges Helgener* (1879). Dette stoffet erstattar og forklarar meir utførlig dei merkedagane Fearnley hadde på datoplass i 1870-åra. Ei lita «Erindringsliste» fortel om marknader, flyttedagar, rettsterminar, fisketider o.l. I begge tilfella ser vi igjen eit klårt forbilde i Brandt og Munch. Frå og med 1888 står namna atter berre på datoplass utan noko forklarande tillegg. Erind-

ringslista vart derimot årvisst både gjennom denne og den neste redaktør-perioden.

Korkje Hansteen eller Fearnley gjekk konkret inn på ideen om å bytte ut helgennamna med ei liste over fortente menn frå vår eiga historie (pkt. 2). Det hadde dei ingen grunn til slik mandatet var. Men i samfunnet elles tok mange tanken opp både i agitasjon og praktisk utprøving, og det kom ein flaum av kalendrar med nye personlister frå 1870-åra og framover. Ideologisk delte dei seg i to: ei smal kyrkjeleg-evangelisk line og ei brei sekulærhistorisk line, med litt overlapping frå begge sider. Ingen ser for seg at almanakken kunne stå tom etter at helgennamna var borte.

Den kyrkjeleg-evangeliske lina hadde ein energisk talsmann i presten Theodor Christian Bernhoft og hans «Kirkelig Kalender med ny Navnerække for Aaret 1875» (Bernhoft 1875). Kalenderen har eit nært dansk (Conrad Rothe) og tysk (Ferdinand Piper) forbilde og spenner frå dei første martyrane til leiande kyrkjefolk på 1800-talet. Den lutherske arven kjem godt fram, men elles er alle ikkje-katolske konfesjonar og reformrørsler med under ein vid europeisk synsvinkel. Dei fleste høyrer til tida etter 1500, og til saman gjev dette kalenderen eit radikalt annleis preg enn den offisielle helgenrekkja. Eit visst sekulært innslag omfattar både kongelege og vitskapsfolk og kunstnarar, m.a. historikaren P.A. Munch 25.5. og bilethoggaren Bertel Thorvaldsen 24.3.

Kalenderen vekte stor interesse og fekk jamt over ein positiv dom. Det kom tre årgangar til (1876–78), med litt endring i personlista, men så var det slutt, og ingen følgde opp. Andre som kallar seg «Kristelig kalender» eller «Kristelig folkekalender», har berre bibelvers eller anna bibelsk stoff i kalenderdelen.

Eit tidleg sekulært døme er «Almanak for 1873», utgjeven av Malling og Fabritius i fellesskap ved sida av den offisielle almanakken. Dei fleste datoane er utfylte med eit namn utan tittel, årstal eller gjerning. Norsk samtidshistorie dominerer. Kongelege er som vanleg på plass. Helgenane er strokne, men mange kjem likevel til syne gjennom ei rekkje messe- og merkedagar. Kalenderen kom tre gonger til (1874–76) med store endringar i personlista.

Da Jacob Dybwad vart forleggjar (1877), heldt han fram med ein liknande kalender attåt den offisielle, først som ein eigen lommealmanakk, men seinare i større format med «Dybwads Illustrerede Folkekalender for 1881» (Dybwad [1880] 1881). Personrekkja er meir internasjonal og meir

knytt til eldre historie enn i 1873-almanakken. Elles blir det nemnt ei rekke med krigar, slag og fredsavtalar. Helgennamna og messe- og merkedagane er borte, og søn- og helgedagar står berre med eige namn. I 1882 fekk kalenderen eit sterkare norsk preg. Fleire utgåver kom ikkje. Dybwads lister fell delvis saman med eit eldre historisk oversyn av Paul Botten-Hansen ([1853] 1854), men Botten-Hansens arbeid vart korkje av han sjølv eller andre trekt inn i striden om almanakken og er difor ikkje omtala nærare her (pkt. 2).

Ein innsendar (signert N.) i *Morgenbladet* 23.10.1869 meinte ei ny, dekatolisert liste burde prioritere «hvad der angik Kirken og vort eget Land». Tradisjonssamlaren Trond Sjursen Haukenæs slutta seg til, med formuleringa «fremragende og ædle Mænd og Kvinder, hentede ud af Kirke-, Verdens- og især Fædrelands-Historien» (*Hordaland Folkeblad* 7.4.1881). Denne kyrkjevennlege sentrumslina møtte ein viss sympati, men kom i klemme mellom meir radikale retningar på begge sider og stana med ideen.

4 Perioden 1891–1911 (almanakkane 1892–1912)

Etter Fearnley tok astronomen professor Hans Geelmuyden (1844–1920) over. Han redigerte almanakken frå 1892-utgåva til 1920-utgåva. Den siste tida fell utom ramma her, men det er både interessant og relevant å sjå korleis Geelmuyden fylte rommet etter helgennamna i 1912 og åra nærast etter (pkt. 5).

Som Fearnley let Geelmuyden helgenlista stort sett stå, men han strykt helgennamn som fell saman med ein kongeleg, t.d. Oscar åleine 21.1.1892. Almanakken for 1905 har 12 kongelege på datoplass og i tillegg 3 i erindringslista. I 1906-utgåva er alle borte og dei gamle helgenane oppførte i staden, t.d. Agnes 21.1. og Leander 27.2. Det kongelege vakuum i 1906 kjem av at almanakken vart redigert etter at unionen med Sverige var oppløyst (7.6.1905), men før kongevalet var avgjort (nov. 1905), nokså likt situasjonen i 1815. Difor kom det nye kongehuset først inn i 1907, med Haakon 3.8., Olav 2.7. og Maud 26.11. Men søndag trumfar kongeleg som før, og i 1911 står Olav og Maud berre i erindringslista fordi dagane deira da var ein søndag.

Også i 1890-åra kom det private kalendrar med sekulære namn i staden for helgennamna. Her skal berre nemnast «Norsk Folke-Kalender» av

Georg Kristian Johannessen Parmann, utgjeven frå 1891 til 1897. Dei første åra har eit ordtak for kvar dag, men i 1893 blir alle datoar, uavhengig av vekedag, utfylte med ein person eller ei historisk hending, med vidt spenn både kronologisk, geografisk og tematisk, t.d. «Jacob Grimm, berømt tysk Videnskabsmand, f. 1785» 4.1., «Julius Cæsar gaar over Rubicon 49 f. Chr.» 7.1. og «Griffenfeld arresteres 1676» 11.3. (Parmann [1892] 1893). Årgang 1894, 1896 og 1897 er mykje endra frå året før både i personutval og hendingar.

Men det viktigaste som skjedde i Geelmuydens tid, var at uviljen mot helgennamna kom opent fram i Stortinget. Den som fekk forlaget av almanakken, måtte svara ei årleg avgift til Universitetet. Dette var ein eigen post på universitetsbudsjettet. Da budsjettet for året 1.7.1892–30.6.1893 vart forhandla i Stortinget 21.3.1892, tok Nikolai Lima til orde for at dei gamle helgennamna, som snart ingen forstod eller estimerte, burde skiftast ut med «Navnene paa ... norske Mænd, som havde været af den Betydning for vort Samfund, at de var værd at mindes». Det kunne gjerast som i lommealmanakken (pkt. 3), med kyndig hjelp frå ein historikar. Dette kravde neppe noko stortingsvedtak, men kunne fremjast administrativt direkte til kollegiet. Lima bad kyrkjestatsråden, Vilhelm Andreas Wexelsen, ta seg av saka (St.tid. 1892: 258).

Wexelsen fann «adskilligt betimeligt» i Limas forslag og lova å følge opp. Karl Rygh gav Lima litt rett, men understreka samtidig at helgennamna ofte var utgangspunkt for datering i skrifter frå mellomalderen og på den måten hadde sin verdi framleis. Lima avviste argumentet, men vedgjekk at viktige merkedagar kunne få stå, t.d. St. Hans 24.6. og Olsok 29.7. Peder J. Utheim støtta Lima og innvende mot Rygh at historisk interesserte fann det dei trong i gamle almanakkar. John Lund ville òg ha helgennamna bort, men ei ny liste måtte veljast med større kløkt enn det var gjort i lommealmanakken (dvs. Dybwads lommealmanakk, pkt. 3). Der mangla m.a. ein opplagt kandidat som Bjørnstjerne Bjørnson (St.tid. 1892: 258–259).

Rygh representerte Høgre, var historikar av fag og i kultursyn svært konservativ. Dei fire andre var profilerte venstremenn. Helgennamna hadde med andre ord òg vorte partipolitikk. Mange aviser refererte Stortingsdebatten, dei fleste nøytralt, men den konservative *Stavanger Amtstidende* og *Adresseavis* raljerte med bitande ironi over Limas innlegg i tinget (21.11.1892). Avisa hadde jamvel ein idé til korleis januar kunne

sjå ut, t.d. Søren Jaabæk i staden for Methusalem 4.1. og Lars Oftedal i staden for Paul Eremit 10.1. Lima var sjølv jærbu, så det låg nok òg ein lokal irritasjon bak dette utfallet. Saka kom visstnok ikkje til kollegiet i denne omgangen, og *Stortingstidende* nemner ingen ting før 1905.

Som kommentar til ein redaksjonell artikkel om helgennamna i *Ørebladet* 14.3.1900 seier Geelmuyden at størsteparten av dei framande namna gjerne kan strykast, men at namn som har gått inn i folkeleg tidsrekning og gammalt lovspråk, bør stå. Han hadde sjølv tenkt på dette mange gonger, men ikkje funne noka god løysing. Avisargumenterer for ei endring og meiner lista både bør ha med «gode norske Fornavne» og «en Flerhed af vort Fædrelands mest berømte Personligheder fra den svundne Tid». Sverige hadde nyleg (1899) vedteke å skifte ut helgennamna med ei meir tidsmessig liste (Brylla (red.) 2000: 2–3, 15–21), og da måtte vi kunne gjera likeins. Universitetet burde oppnemne ein sakkyndig komité eller på annan måte sørge for å få ein revisjon i stand. Kyrkjehistorikaren biskop Anton Chr. Bang støtta Geelmuyden, men såg gjerne eit breiare nordisk perspektiv enn berre det nasjonale (*Ørebladet* 16.3.1900).

Tanken med å setje inn «gode norske Fornavne» var å demme opp for den uheldige påverknaden Geelmuyden og andre meinte almanakken hadde på norsk namngjeving. Synspunktet vaker òg i debatten på Stortinget (nedanfor).

Etter eit par stillare år tok redaktør Geelmuyden sjølv det første steget. I søknad 12.10.1905 bad han kollegiet vurdere om dagnamna (helgennamna) burde fjernast og i tilfelle erstattast med historiske hendingar eller personar. Den 21.10.1905 oppnemnde kollegiet historikarane Ludvig Daae og Yngvar Nielsen, kyrkjehistorikaren Andreas Brandrud, rettshistorikaren Absalon Taranger og Geelmuyden som medlemmer av ein komité med mandat i samsvar med Geelmuydens søknad. Komiteen delte seg i to (7.11.1905). Geelmuyden og Brandrud meinte ein burde prøve å finne eit høveleg stoff til å avløyse helgennamna. Daae, Nielsen og Taranger trudde ikkje det ville føre fram, og meinte ein difor burde la almanakken stå som han var. Kollegiet slutta seg til fleirtalet (Univ.Aarsb. 1907: 9, 167–168).

Da Stortinget drøfta budsjettet 13.12.1905, sa Ivar Tveiten frå Venstre at han hadde tenkt å ta opp saka i budsjettkomiteen, men let det vera fordi kollegiet alt hadde ein komité i arbeid. No låg innstillinga føre, og han

var nedslått over resultatet. Det einaste han kunne gjera, var å oppmode kyrkjestatsråden om å få revisjonen i gang att med håp om eit betre utfall. Ingen andre tok ordet (St.tid. 1906: 425). Det ser heller ikkje ut til at statsråden, Christopher Knudsen frå Høgre, lova eller gjorde noko, kanskje fordi spørsmålet gjennom Tveiten – som òg var ein landskjend nynorsk-agitator – så tydeleg hadde vorte både venstresak og målsak.

I budsjettdebatten 11.12.1906 ytra Tveiten seg på nytt. Han minte om det som hadde skjedd året før og tala igjen sterkt for å bytte ut helgennamna med «gamle merkedage, mindedage om historiske personligheder og historiske begivenheder saavel fra fædrelandshistorien som fra verdenshistorien» (St.tid. 1907: 618), og samtidig kunne ein gjerne få inn gode norske personnamn. (Det er uvisst om Tveiten tenkte seg dette som ei særskild liste, eller som ordinære dagnamn etter svensk mønster.) Det burde òg avklarast om den nye kontrakten med Jacob Dybwad (for åra 1907–11) var til hinder for ein eventuell revisjon. Ingen støtta eller motsa Tveiten no heller.

Leiar i budsjettkomiteen, Waldemar Chr. Brøgger, opplyste at saka hadde vore drøfta i kollegiet, og at dei kunne gå med på ei endring så sant forleggjaren ikkje sette seg imot av frykt for meirarbeid og sviktande sal (avgifta og prisen låg faste uavhengig av salet). Men dette var ikkje godt nok undersøkt, og saka kunne takast opp att (St.tid. s.st.).

Neste budsjett vart forhandla i Stortinget 28.2.1908. Kollegiet hadde i mellomtida spurt Dybwad korleis forlaget ville stille seg til ei utskifting av namna i almanakken. Dybwad svara at han «bestemt maa fraraade en saadan forandring». Helgennamna var eit eldgammalt norsk namnesystem, og mange av dei var stadig i bruk i folkeleg tidsrekning. Tek ein namna bort, vil salet gå ned, og Dybwad måtte i så fall krevje erstatning for tapt inntekt. Det gjekk ikkje kollegiet med på og la saka til sides inntil vidare. Tveiten noterte seg synspunkta, men lufta i staden ein tanke som òg hadde vore framme i 1901: almanakken på landsmål. Brøgger lova å få det vurdert (St.tid. 1908: 565).

Under forhandlingane 3.3.1909 bad Torgeir Vraa frå Arbeidarpartiet – tidlegare venstremann – budsjettkomiteen eller regjeringa påleggje Universitetet å fjerne helgennamna og setje inn meir tidsmessige namn i staden (St.tid. 1909: 485). Kyrkjedepartementet orienterte kollegiet om Vraas syn i brev 6.5.1909, men formulerte ikkje noko krav. Det katolske bladet *St. Olaf* skreiv ein ironisk kommentar til «den socialistiske Stor-

tingsmand Vraa» og framlegget hans (12.3.1909), men elles var dei norske katolikkane lite med i det offentlege ordskiftet. Det kan tyde på at dei ikkje såg dette primært som ein lærestrid, men meir som ei kultursak utan direkte relevans for den katolske kyrkja som konfesjonell aktør. Samtidig var dei langt frå likeglade med saka; det ser ein av reaksjonen mot Lima (nedanfor).

Året etter kom det fart i saka. Under stortingsdebatten 2.4.1910 tok Ivar Tveiten i eit langt innlegg for seg alt som hadde skjedd med almanakken på Stortinget, i kollegiet og overfor Dybwad sidan 1905, og han foreslo på nytt full revisjon av dagnamna etter dei same liner som før. Lima mintest sitt eige innlegg i 1892. Det hadde utløyst så mykje flir og spott (jf. *Stavanger Amtstidende* ovanfor), og dertil så mykje ærleg kritikk, særleg frå katolikkar, at han ikkje hadde orka å engasjere seg meir. Men no støtta han Tveiten. Kyrkjeministeren, Just Qvigstad, slutta seg til – med unntak for merkedagane, som burde stå – og lova å følge opp. Jørgen Hermann Meinich frå Høgre meinte saka burde leggjast fram for Stortinget og ikkje berre avgjerast administrativt, så ein slapp kritikk etterpå. (St.tid. 1910: 561–563.)

Med grunnlag i denne debatten, men utan noko stortingsvedtak, bad så Kyrkje- og undervisningsdepartementet i brev 7.5.1910 kollegiet vurdere å fjerne helgennamna som ein del av vilkåra i ein ny forlagskontrakt. Departementet ville ha ein viss kontroll og bad om å få sjå utkasta før kollegiet tok endeleg avgjerd.

Kollegiet arbeidde raskt og gjorde 28.5.1910 følgjande vedtak:

1. De gamle dagnavne, helgennavne, ombyttes i passende utstrækning med oplysninger om historiske begivenheder eller personer, dog saaledes at kjendte og anvendte betegnelser paa særlige merkedage bibeholdes. Denne forandring vil man efter nu opnaaet overenskomst med forlæggeren om mulig søke at faa indført allerede i almanakken for 1911.

—
3. Ved siden av den almindelige almanak utgives en almanak paa landsmaal.

—
Kollegiet tillater sig at anholde om, at indholdet av nærværende skrivelse maa bli meddelt Stortinget. (Univ.Aarsb. 1911: 158–159)

Vedtaket vart oversendt departementet 30.5.1910 og gjekk derifrå til Stortingets presidentskap 9.6.1910 (St.dok. 1910 upag.). Så drøfta budsjettkomiteen vedtaket og innstilte 9.7.1910 einstemmig på godkjenning av pkt. 1 og mot éi stemme (Alfred Eriksen) òg av pkt. 3 (St.tid. 1910 6A: 319). Stortinget hadde ingen innvendingar, og dermed var saka i hamn med trygg dekning både politisk, juridisk og administrativt. I marginen kan vi notere at kollegiet rekna seg sjølv som øvste instans i dette spørsmålet, og Stortinget hadde da berre å ta vedtaket til etterretning.

Straks vedtaket låg føre – altså utan å vente på noka stadfesting i Stortinget –, bad Geelmuyden, etter råd frå riksarkivar Ebbe Hertzberg, cand.jur. Kristian Østberg laga ei liste over dagnamn som framleis burde stå, og cand.jur. S.H. Finne-Grønn vart beden om å foreslå stoff til datoane som deretter stod tomme. Kollegiet ville ha ei hand med og oppnemnde 10.6.1910 ein komité med Geelmuyden, Yngvar Nielsen, Andreas Brandrud, Absalon Taranger og Halvdan Koht til å gå gjennom framlegga (Univ.Aarsb. 1911: 159). Det var same komité som i 1905, bortsett frå at Koht kom inn etter Ludvig Daae (død 17.3.1910).

Kollegiet såg helst at endringane vart innførte i 1911, men tida vart for snau, så dei måtte vente til 1912 (figur 3 og 4 neste side). Dybwad fekk ny årskontrakt til å laga ferdig 1912-utgåva.

Den nye lista har personar og hendingar frå mellomalderen til nyaste samtid, med hovudvekta på norske tilhøve. Statsstyre, krigar, lover og politiske avtalar er fylldig representerte, t.d. «Konvention i Moss 1814» 14.8., «Krig med England 1807» 16.8. og «Haandværkslov 1839» 15.7. Andre sider av samfunnslivet kjem til uttrykk ved innførsler som «Postvæsen indført 1647» 17.1., «Arbeidermøde 1850» 31.7. og «Landstads Salmebog 1869» 16.10.

Personlista har representantar for heile samfunnet frå kongemakt til vitskap, kyrkje og kulturliv, t.d. Niels Henrik Abel 5.8., Hans Nielsen Hauge 3.4. og J.C. Dahl 14.10. Dei fleste står på fødselsdagen. Nokre står på både fødsels- og dødsdag. Dei kongelege spanner frå tidleg mellomalder til kongehuset av 1905. Elles har lista nokre danskar og svenskar og eit dusin andre utlendingar. (Merk at kollegievedtaket i 1910 ikkje seier noko om nasjonalitet.) Alle ikkje-norske kjem frå vitskap, litteratur eller kunst; ingen kongar, berre Napoleon. Ideen om «gode norske namn» vann ikkje fram.

Juli 1911 Hømanned.									
Maaenen					Solen				
i Mer. ned 7					op i Mer. ned				
t m t m					t m t m t m				
1 2 Theobald					1 3 2 12 21 9 38				
					3 3 4 12 21 9 37				
					5 3 6 12 21 9 35				
					7 3 9 12 22 9 33				
					9 3 12 12 23 9 31				
					11 3 15 12 22 9 28				
					13 3 18 12 22 9 26				
					15 3 22 12 23 9 23				
Det forløbte Haar. Det. 15, 1–10.									
Berthe Kaffe.									
2 3 S. eft. Tref.					5 40 0 2				
3 MR Proc. & Mart. D					6 31 0 3				
4 T Mest					7 13 0 3				
5 D Anselm					7 56 0 4				
6 T Dion					8 40 0 4				
7 R Billibald					9 26 0 6				
8 L Sunniva					10 14 6 11				
Merer haushjertige. Det. 6, 98–12.									
Berthe Kaffe.									
9 S 4 S. eft. Tref.					11 5 0 22				
10 MR Knut Ronge					11 56 9 46				
11 T Josba					12 47 0 46				
12 D Elias					13 37 10 57				
13 T Wilfrida					14 26 11 2				
14 R Ridjommer					15 11 11 5				
15 L Apollenes Tefing					15 55 11 5				
Venus					Mars				
i Mer. Det.					i Mer. Det.				
t m					t m				
1 3 30 E. + 14° 50'					7 2 3. + 5° 67'				
11 3 26 + 10 43 6 48 + 8 26					8 26				
21 3 18 + 6 27 6 34 + 10 44					9 4 Apog. 9de Rf. 4 R.				
Grindingsliste. Den (Sølehof) Kronprins Olav. —									
8de Sejmannamesje. — 10de Sejmannamesje. — 10de Sejmannamesje. — 10de Sejmannamesje.									

Juli 1911 31 Dage.									
Maaenen					Solen				
i Mer. op E					op i Mer. ned				
t m t m					t m t m t m				
Det løvte fra Eftet. Det. 5, 1–11.									
Berthe Kaffe.									
16 S 5 S. eft. Tref.					16 39 11 6				
17 MR Alexius					17 23 11 6				
18 T Arnulf					18 8 11 8				
19 D Rufinus & Just. J					18 57 11 10				
20 T Margareta					19 51 11 16				
21 R Bragebis					20 50 11 25				
22 L Maria Magb.					21 54 11 45				
Hællernes Retfærdighed. Det. 5, 20–28.									
Berthe Kaffe.									
23 S 6 S. eft. Tref.					23 0 0 27				
24 R Christina					0 6 ned 8				
25 T Jakob Apostel					1 7 10 1				
26 D Anna					2 3 10 8				
27 T Sjo Sover					2 54 10 11				
28 R Pantaleon					3 42 10 13				
29 L Olaf Ronge									
Det løvte 4000 Mand. Det. 8, 1–9.									
Berthe Kaffe.									
30 S 7 S. eft. Tref.					4 26 10 13				
31 R Germanus					5 9 10 14				
Jupiter					Saturn				
i Mer. Det.					i Mer. Det.				
t m					t m				
1 7 54 E. — 11° 58'					8 45 R. + 14° 47'				
11 7 15 — 12 3 8 9 + 15 0					9 12 E.				
21 6 37 — 12 13 7 33 + 16 11									

Figur 3: Almanakken for juli 1911, siste året med helgennamna.

Søndagar og andre helgedagar har ikkje namn, og i tillegg står over 90 kvardagar tomme. Det kan vera eit brot mot kollegiets intensjon, for kjernepunktet om ei prinsipiell utskifting («ombyttes») kan òg tolkast som at *alle* dei namna som da gjekk ut, skulle erstattast med historiske hendingar eller personar. Uvissa ligg i om «i passende utstrækning» viser bakover på det gamle eller framover på det nye. Dei gamle merkedagane måtte i alle høve vera med, og underforstått i minst same omfang som Fearnley hadde teke dei inn i 1870–80-åra. Her kom 1912-almanakken utan tvil til kort. Den har berre 12–13 merkedagar og ytst få i norsk form. Redaktøren forklarer utvalet slik: «Af de gamle **Dagnavne** er her kun bibeholdt de, som forekommer i Lovgivningen og nogle faa andre» (*Almanak for Aaret ... 1912*, s. 3).

Saka vart referert i avisene landet rundt, og dei fleste var nøytrale eller støtta omlegginga. Ei av få motstemmer var *Dagbladet* (28.11.1911), som meinte reforma mest gjekk ut på «at tilintetgjøre almanakkens historiske

Juli 1912				Sømands.				Juli 1913				31 Dage.			
Mannen				Solen				Mannen				Solen			
Tag	i Mer.	op	et	Tag	i Mer.	et	et	Tag	i Mer.	et	et	Tag	i Mer.	et	et
1	14 23	12 24	1	1 2 15	12 22	10 28		16	2 27	10 58		17	2 50	12 24	9 57
2	15 8	12 8	8	2 18	12 22	10 25		17	3 21	10 51		18	2 56	12 24	9 52
3	15 61	11 57	7	3 22	12 23	10 22		18	4 10	10 44		19	3 1	12 25	9 46
4	16 32	11 48	9	4 23	12 23	10 15		19	4 57	10 36		20	3 12	12 25	9 36
5	17 12	11 40	11	5 25	12 24	10 11		20	5 48	10 28		21	3 18	12 25	9 29
6	17 53	11 33	13	6 26	12 24	10 6		21				22	3 24	12 25	9 23
Johs lærer fra Skibet. Ref. 5.				16 2 44 12 24 10 2				22				23	3 30	12 26	9 17
Huden Kaffe. Ref. 1, 85–82.								23				Huden Kaffe. Ref. 16, 5–12.			
7	18 35	11 28	1	7 27	12 2	9		24	5 56	9 45		Huden Kaffe. Ref. 17–15.			
8	19 21	11 19	9	8 28	12 7	9		25	6 48	9 36		14 5 6 S. eft. Tref.			
9	20 11	11 12	13	9 29	12 8	11 28		26	7 40	9 24		Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
10	21 8	11 3	4	10 30	12 9	11 28		27	8 31	9 16		15 5 6 S. eft. Tref.			
11	22 10	10 39	6	11 31	12 10	11 28		28	9 22	9 10		Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
12	23 16	10	7	12 32	12 11	11 28		29	10 13	9 02		15 5 6 S. eft. Tref.			
13			11	13 33	12 12	11 28		30	11 04	8 51		Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								31	11 55	8 40		15 5 6 S. eft. Tref.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								20 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								21 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								22 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								23 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								24 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								25 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								26 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								27 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								28 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								29 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								30 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			
Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.								31 5 6 S. eft. Tref.				Huden Kaffe. Ref. 5, 17–15.			

Figur 4: Almanakken for juli 1912, etter omskiftet frå helgennamn til sekulære namn og hendingar.

værdi som vedlikeholder av gammel tradition». Punktet om almanakk på landsmål vart flittig kommentert, ofte med ein tone av undring og mistru (fordekt målstrid). Utvalet av personar og hendingar fekk lite kritikk, og dei tomme datoane gav med hell plass til «hvad stort og merkværdig der i Fremtiden vil ske», som *Morgenbladet* skreiv smått ironisk (8.10.1911).

Østberg (1912: 519–521) reagerte derimot sterkt på 1912-almanakken. Komiteen og redaktøren hadde vraka nesten alt han foreslo, og særleg hadde det gått utover merkedagane i landbruket. Landsmålsutgåva var langt betre. Den var redigert av Marius Hægstad (mykje ros i avisene), og Koht hadde hatt ansvaret for merkedagane der. Kollegiet innsåg svikten og oppretta ein ny komité med Geelmuyden, Brandrud og Hægstad.

5 Åra etter 1912

Almanakken for 1913 følger Østbergs framlegg nesten til siste punkt. Nye merkedagar er m.a. Brettemesse 11.1., Bjørnevok 22.5. og Kvernknarren 1.9. Alle vart faste. Til saman har 150 datoar fått nye innførsler, medrekna utfylte tomrom, og storparten gjeld norske personar og hendingar. Vel 50 datoar står framleis tomme. Dei neste almanakkane har òg hundrevis av nye innsett for kvart år. Utskiiftinga går mest frå hending til person, og den europeiske delen blir mykje større.

Talet på kvinner stig frå 2 i 1912 (Camilla Collett 23.1. og Aasta Hansteen 10.12.) til 12 i 1914, men fell så ned att til 6 i 1915 og 5 i 1916. Det bryt sterkt med helgenlista, som hadde 70 kvinner, og mange av dei var portalfigurar i kyrkje, kunst og kultur (Maria, Birgitta ofl.). Skilnaden botnar nok meir i eit konservativt historiesyn enn i ein redaksjonell fordom, men det er litt paradoksalt at ei så gjennomgripande modernisering skulle få så konvensjonelle følgjer.

Nokre datoar skifter person kvart år frå 1912 til 1916, andre stader går personane ut og inn, borte eitt år, tilbake det neste osv. Listene viser kort sagt mykje famling og lite konsekvens både i heilskap og retning. Kollegiet tok saka alvorleg med sine tunge fagkomitear og anna autoritativt ettersyn, men det verkar som komiteane sjølve la seg litt tilbake for ikkje å trå redaktøren for nær.

Korleis arbeidet gjekk til reint praktisk, fortel Geelmuyden om i eit intervju i *Ørebladet* 5.5.1916. Ei «videlysten, almanaklæsende Dame» hadde undrast på kven Skipper Tobiesen var,⁶ og avisa spør Geelmuyden: «Efter hvilket Princip bliver Folk sat i Almanaken?»

– Det gaar egentlig ikke efter noget bestemt Princip. Jeg sætter ind kjendte Mænd og Kvinder eftersom det passer med Fødsels- og Dødsdag. Før havde jeg et Par Historikere til at hjælpe mig med at finde Navne; men nu er jeg alene om det. Naturligvis sætter jeg ikke netop ind Folk som Madame Maintenon⁷ og Gjest Baardsen, selv om de er

6 «Skipper Tobiesen fortjener meget vel denne Ære, siger Almanakens Redaktør, Professor Geelmuyden, – Skipper Tobiesen var en meget bekjendt Opdagelsesreisende i Nordishavet og har blandt andet indlagt sig Fortjenester ved at omseile Spitsbergen» (*Ørebladet* s.st.).

7 Françoise d'Aubigné (1635–1719), frå 1675 kalla Madame de Maintenon, guvernante for kong Ludvig XIVs barn og seinare gift med kongen.

almindelig kjendte; men paa den anden Side kan det godt hælde, at der kommer ind Navne, som ikke alle og enhver kjender. Saaledes blev jeg engang spurgt om, hvad Auguste Combe var for en obskur Person.⁸

Det som ligg fast, er at helgennamn utan folkeleg tradisjon forsvann frå kalenderdelen for godt. Dei første åra vart dei trykte alfabetisk med dato under rubrikken «Gamle Dagnavne». Denne lista stod siste gongen i 1926 (ved Oluf Kolsrud). I 1925 laga almanakkforlaget Moestue ein eittblads minikalender med dei gamle helgennamna på datoplass. *Middagsavisen* melder 17.4.1925 at dette var eit svar på manges ønske om å få namna inn att. Det er vanskeleg å lodde stemninga ut frå slike avisinnlegg, men det er all grunn til å tru at endringa i 1912 skapte eit sakn som gnog lenge etter at diskusjonen offisielt var over. I 1939 trykte Aftenpostens *Hvem Hvad Hvor* (s. 31–35) dagnamna opp att (både på dato og alfabetisk) nettopp med den grunngjevinga at «det er visstnok mange som savner fortegnelsen den dag idag».

Tankevekkjande er det òg at Georg Parmann, som sjølv laga ein sekulær kalender i 1890-åra (pkt. 4), alt i 1915 tok inn dei gamle helgennamna med utførleg forklaring i sjømannsbladet *Signal*. Mange ville ha dei tilbake, og det med rette, seier Parmann, fordi lista inneheld så mange «fremragende ældre personligheter, som fortjener at mindes» (*Signal* nr. 2, 16.1.1915: 20). Her finst ikkje spor av antikatolisisme, berre saklege portrett frå den kristne helgen- og martyrsoga.

Ønsket om å få med gode norske namn vart oppfylt gjennom «Norsk navnliste» av Halvdan Koht i almanakken for 1927, 1932 og 1935 (i landsmålsalmanakken kalla «Nordisk namnliste»). Lista har ca. 230 kvin-nenamn og ca. 400 mannsnamn og tek med både opphavleg norske (nordiske) namn og norske former av framande namn (*Kari, Lars* ofl.). Når Kohts liste kom året etter den siste helgenlista (1926), var tanken opplagt å bytte ut helgennamna med norske namn som språkleg tilfang og på den måten inspirere til ein meir heimleg namneskikk.

8 Feil for Auguste Comte (1798–1857), fransk filosof.

6 Oppsummering

Da Noreg fekk ny almanakk etter unionsbrotet i 1814, kom det fort krav om at den gamle helgenrekkja måtte erstattast med minneverdige personar og hendingar frå vår eiga historie. Almanakkredaktørane delte dette synet, men kollegiet av slo alle søknader om eit skifte, eksplisitt med formale argument forankra i kalendarisk (dagfesta) rett, men implisitt òg av respekt for almanakkens særlege karakter både i stoff og innretning. Lista kunne likevel endrast internt så lenge alle dagar hadde sitt helgennamn. Ei første endring kom med nokre norske merkedagar i åra 1816–28 før almanakken vart omfattande revidert i 1843 og vidare utbygd med historiske opplysningar om helgenane og dei norske merkedagane i 1870–80-åra.

Endringane på 1800-talet heng utan tvil saman med pålegget om at helgennamna skulle stå en bloc i almanakken. Sidan desse namna (ifølgje kritikanerane) mest fortonte seg som forsteina katolske raritetar, ville redaktørane så langt som råd gje dei ein sterkare historisk-nasjonal legitimitet ved å byggje meir på norske kjelder og ved å vise kva rolle helgendagane spela i norsk årssyklus og arbeidsliv. Sentrale kyrkjefolk la vekt på helgenrekkja som eit lys for alle kristne, utan å ta direkte stilling til den redaksjonelle striden. Aviser og blad var stadig frampå med innlegg som spende frå det djupt seriøse til lått og spott over både gammalt og nytt. Mykje av dette vitnar meir om fåkunne og ertelyst enn om noko bestemt verdisyn.

Ei full utskifting av helgennamna kom først i private kalendrar frå 1870-åra og framover. Presten Bernhofts kyrkjeleg-evangeliske kalender (pkt. 3) er eit talande uttrykk for reformiveren i tida, sjølv om dei fleste elles prøvde ein annan veg. Dei sekulære kalendrane varierer både i tilfang og perspektiv, men alle riv den katolske arven ned til grunnen, og dei fleste vørdar ikkje eingong dei norske merkedagane i Hansteens og Fearnleys nasjonale program. Ei meir balansert line førte ikkje fram i det private mylderet.

Agitasjonen mot dei gamle dagnamna nådde Stortinget i 1892 og fekk snøgt eit preg av både partipolitikk og målsak. Målvennlege venstremenn var dei mest aktive, Høgre (Samlingspartiet) heldt seg meir tilbake, men ingen i tinget gjekk opent imot ei endring av almanakken. Eit underliggjande, men vagt formulert synspunkt som mange delte, også i avisene, var tanken om almanakken som nasjonsbyggjande faktor, med spesiell adresse til namneskikken. Antikatolske ytringar bar i høg grad òg preg av

mishag mot eit unorsk kulturgods generelt, og Stortinget la da heller ikkje noka større vekt på det konfesjonelle aspektet. Leietråden var modernisering gjennom historisering på heimleg grunn.

Etter fleire års debatt, men utan noko stortingsvedtak, bad departementet kollegiet vurdere ei endring, og den 28.5.1910 vedtok kollegiet at helgennamna skulle bort og dagane i staden fyllast med historiske hendingar eller personar, med unntak av at alle viktige merkedagar skulle vera med, og da under sitt norske namn. Med dette hadde både nasjonale tradisjonalistar og sekulære modernistar fått sine viktigaste ønske igjennom.

Saksgangen var politisk, juridisk og administrativt uklanderleg, men sjølve vedtaket opna for ein god del skjønn, og dei første åra verkar lista både tilfeldig og triviell. Når åndsgigantar som Ambrosius og Augustin måtte vike for «Slag ved Lier» og «Trefarvet Flag», kan ein forstå at mange tykte det var ei kulturell forarming. Som bot for tapet vart dei gamle helgennamna opptrykte med apologetisk følgjetekst fleire gonger i tiåra etterpå. Men på offisielt plan var desse djupe, europeiske røtene kutta for godt.

Litteratur

- Alver, Brynjulf. 1981. *Dag og merke. Folkeleg tidsrekning og merkedags-tradisjon*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bernhoft, Th. C. 1875. Kirkelig Kalender med ny Navnerække for Aaret 1875. *Kirkelig Kalender for Norge*, red. av d.s., 1–14. Kristiania: Th. Steen.
- Botten-Hansen, Paul. [1853] 1854. Historisk Kalender for Norge. *Norsk illustreret Kalender*, red. av d.s., V–X. Christiania: A. Dzwonkowski.
- Brandt, Fr. (red.). [1858] 1859. *Almindelig norsk Huus-Kalender med Primstav og Merkedage*. Christiania: Mallong.
- Brylla, Eva (red.). 2000. *Namnlängdsboken. Historien bakom namnen i almanackan*. Stockholm: Norstedt.
- Dybwad, Jacob. [1880] 1881. *Dybwads Illustrerede Folkekalender for 1881*. Christiania: Dybwad.
- Daae, Ludvig. 1879. *Norges Helgener*. Christiania: Cammermeyer.
- Fortegnelse 1884 = *Fortegnelse over de for det kongelige norske Frederiks Universitet gjældende Bestemmelser*. Christiania: Brøgger.

- Hammer, Christopher. 1773. *Norsk Huusholdings-Kalender*. Anden Deel. Christiania: Schwach.
- Lange, Christian. 1849. Fortegnelse over de i Norge almindelig benyttede bevægelige og ubevægelige Helgendage, Festdage og øvrige Mærkedage. *Diplomatarium Norvegicum I* (1847–49), XL–XLVIII. Christiania: Malling.
- Malling, Ove. 1777. *Store og gode Handler af Danske, Norske og Holstenere*. Kiøbenhavn: Gyldendal. (Ny udgave ved Erik Hansen. København: DSL og Gyldendal, 1992.)
- Munch, P.A. 1848. Om vore Forfædres ældste Tidsregning, Primstaven og Mærkedagene. *Norsk Folkekalender for 1848*, 17–39. Christiania: Malling.
- [1858] 1859. Om Kalenderens Indhold, Indretning og Brug. *Norsk Folke-Kalender. Ny Række. 1859*, III–XXIII + 24 upag. sider (månadsdelen). Christiania: Malling.
- Parmann, G. Kr. Johs. [1892] 1893. *Norsk Folke-Kalender eller Aarbog for 1893*. Kristiania: Malling.
- St.dok. 1910 = *Kongeriket Norges ni og femtiende ordentlige Stortings forhandlinger. 5. Dokumenter indgivet ... 1910*. Kristiania: O. Fredr. Arnesen.
- St.tid. = *Stortingstidende indeholdende ... ordentlige Stortings forhandlinger ... Forhandlinger i Stortinget*. (Trykt årleg.) Kristiania: Centraltrykkeriet.
- Univ.Aarsb. 1907 = *Det kongelige Frederiks Universitets Aarsberetning for Beretningsaaret 1905–06 samt Universitetets Matrikul for 1906*. Kristiania: Brøgger.
- 1911 = *Det Kongelige Frederiks Universitets Aarsberetning for Beretningsaaret 1909–1910 samt Universitetets Matrikul for 1910*. Kristiania: Brøgger.
- Univ.Sk.A. 1864 = *Norske Universitets- og Skole-Annaler*. Udgivne af Universitetets Secretair. Tredie Række. IV. Christiania: Brøgger og Christie.
- Østberg, Kristian. 1912. Almanakken for 1913. *Tidsskrift for det norske Landbruk*, utg. av Det kgl. Selskap for Norges Vel, 519–21. Kristiania: Grøndahl & Søn.

Følgjande aviser og blad er siterte med dato og ev. nummer og sidetal:
Christiania-Posten, Dagbladet, Det Norske Nationalblad, For Fattig og Riig, Hordaland Folkeblad, Middagsavisen, Morgenbladet, Norsk Rets-tidende, Signal, St. Olaf, Stavanger Amtstidende og Adresseavis, Ørebla-det.